

AdO Open 28-30 oktober 2016

Då var første dag av AdO Open ferdig, og nok ein gong vart det klubbrekord, nye UM-krav og gode persar.

Henriette Dale var nær klubbrekord og UM-krav på 1500 m fri i Stavanger forrige helg, og prøvde på nytt i dag. Og denne gongen tok ho begge. Henriette forbedra klubbrekorden for yngre junior frå 8.16,90 til 8.15,72. Den gamle rekorden vart satt i 2009 av Tina Schutz. Henriette tok dermed også sitt fjerde UM-krav.

På 100m medley symde Aslan Bentley på 1.02,18 og tok dermed sitt åttende UM-krav.

Sander Olai Antun persa på nytt på 100 m bryst, og forbedra dermed UM-kravet han tok i Stavanger sist helg. Han har no 1.09.85 på distansa.

Glenn Andre Gilberg Bjærum persa stort på 1500 m fri og fekk tida 16.53.34. Dessverre var det 5 sekunder bak UM-kravet, men Glenn Andre får sikte vidare mot NM-kravet på 16.36.91

Brage Straume hadde også ein god 1500 fri på 16.56.66

Også laurdag vart det sett nye klubbrekordar på AdO Open.

Tobias Moen Olsen forbredra sin eigen vekesgamle rekord for yngre junior på 400 m medley med over tre sekund til 4.52,17. Hen kom då også under UM-kravet, og har no 3 krav.

Henriette Dale var i finale på 100 m bryst og symde der på 1.18,96 som også er ny klubbrekord for yngre junior. Har hadde Benedicte Bernhoft Kausland den gamle på 1.19,09. Den gamle rekorden var frå 2005.

Henriette forbedra også rekorden ho satte i forsøket på 400 medley på fredag. I finalen symde ho på 4.16.96 som då er den nye rekorden.

Ellers må vi gratulere Jenny Dale Gjerstad med GULL i junior-finalen på 50 m butterfly. Sander Olai Antun tok SØLV på 100 m bryst, og det vart heile 4 BRONSE (Aslan Bentley på 50 m rygg og 100 m fri. Henriette Dale på 100 m bryst og Nicolas Charalambous på 25 kick/25 crawl)

Siste dag på AdO Open vart det også klubbrekord og nye UM-krav.

Tobias Moen Olsen symde 400 m fri på 4.12,39 og sletta dermed sin eigen klubbrekord for yngre junior som var på 4.20,65 frå ÅM i år. Også på denne distansa var han under UM-kravet og har då 4 krav.

Joakim Throndsen tok sitt første UM-krav, då han symde 200 m rygg på 2.15,01. Det var svært gledeleg at han lykkast, etter å ha vore nær kravet på fleire øvingar.

Oppsummering av Arne Kleppestrand